Bergen Filharmoniske Orkester har grepet om gode, gamle Johan Halvorsen. Samtidig briljerer dei med den hundre år yngre, orientalsk inspirerte Knut Vaage. Det inspirerer.

# Verdsope og frodig frå vest

## CD klassisk

**Knut Vaage/ Bergen Filharmoniske Orkester**

***Hokkaidos Hagar***



Aurora

A 1 2 3 4 **5** 6

**Bergen Filharmoniske Orkester**

***Johan Halvorsen: orkesterverk, vol 1 & 2***




Chandos

A 1 2 3 4 **5** 6

For om tonespråka er aldri så ulike, hørest nokre av dei same trekka: noko naturleg liketil, liksom heimleg, pluss noko som strekk seg ut; av landet, av Europa, av samtida.

Japanske hagar har, slik eg forstår det, naturen som førebilete. Dei er modellerte og kultiverte, med kunstige fossar og berg, men bør ikkje romme «unaturlege former», aldri ein kvadratisk dam. Unntaket er gjerde, trappetrinn og portar som hjelper på vandringa frå eit miniatyrlandskap til det neste.

Vaages *Hokkaidos hagar* kling passande nok liksom slik. Musikken er organisk, og overgangane mellom kjølig glitrande, asketiske, lune og frodige landskap er spennande å vandre i. Vaage – og musikarane – inviterer ein til å vere høgst nærverande akkurat der ein er, samtidig blir ein alltid nyfiken på kva som kjem rundt neste sving. Til det bidrar også den balanserte dynamikken mellom solist Einar Røttingen på klaver – som spelar poengtert og varmt som vanleg – og eit orkester som under leiing av Ingar Bergby hørest riktig opplagt ut.

**Vakkert.** Vaage har komponert vakre «portar» inn og ut av Hokkaido-hagane, og er generelt dyktig i overgangane.«Kyklop» reiser seg likevel aldri heilt opp frå den herleg skumle, mørkt mumlande opninga, men blir verande litt nedstemt gjennom mange øyregode passasjar. Det kan vere tilsikta, men kanskje kunne dirigent Eivind Aadland løfta orkesterverket noko meir.



Knut Vaage – og musikarane – inviterer ein til å vere høgst nærverande akkurat der ein er, samtidig blir ein alltid nyfiken på kva som kjem rundt neste sving, meiner anmeldaren.

FOTO: MORTEN KROGVOLD

«Chaconne» opnar på noko av same vis, no med solistar – Gro Sandvik på fløyte og Turid Kniejski på harpe – som liksom mumlar. Stykket er, som alt på plata, herleg respektlaust mot forventingar om tradisjonelle solokonsertformer (og for så vidt ein hørleg Chaconne). Dei glimrande solistane kjem seg same kva elegant på beina til ein variert og eggjande dans med orkesteret, ført av Ole Kristian Ruud.

Orkesteret trår stega med stil også i Johan Halvorsens norske dansar – særleg i dei, ettersom Marianne Thorsen fører der, på solofiolin. Spelet hennar gir spiss, nyansar og fint krydder til dei to platene med Halvorsen for orkesteret, som elles er gode – og noko trauste.

Neeme Järvi dirigerer rutinert gjennom ein fantasifull «Air Norvegienne» og fagre tolkingar av «Veslemøys sang» og «Andante religioso» med solo fiolin. Suiten «Ancienne» – musikken var opphavleg til teater – sjarmerer òg, med godt humør og referansar til Grieg, barokk og meir. Symfonikaren Halvorsen imponerer dessutan, særleg i nummer to: med ein feiande førstesats, ein munter tredje – supre blåsarar her – og flott fjerde, pluss ein Mahler-inspirert andre. Jo, det er langt til det vedunderleg Wiener-nevrotiske. Men ein dose kjernesunn nordisk musikk bør ein vel heller ikkje forakte.

ASTRID KVALBEIN

A kortet

Eksklusivt arrangement på Ekebergrestauranten





Ølkåseriet «en reise i norsk ølhistorie»
+ restaurantens populære Chef's 3-retters meny

- Opplev historien om øl- og drikketradisjoner i Norge.
- Lær deg ølsmaking og de gode tipsene om øl i og til norsk mat.
- Arrangementet avsluttes med Chef's 3-retters meny.

Ekebergrestauranten 10. eller 17. november, kl. 19.00

A-kortpris kr 770,-
Ordinær pris kr. 990,-

**For reservasjon:** Ekebergrestauranten telefon 23 24 23 00 eller e-mail post@ekebergrestauranten.com

Fordeler for faste abonnenter

For informasjon, andre tilbud og påmelding til vårt nyhetsbrev:
www.a-kortet.no
Ved behov for ytterligere veiledning, kontakt vårt kundesenter på tlf. 24 14 65 60.
A-kortet får du når du har abonnert på Aftenposten eller Aften i 1 år.

Aftenposten 150 år

# Voksne saksofonister

Det er det som ligger bakenfor ferdigheter og komposisorisk evne som definerer den endelige kvaliteten.

## CD jazz

**Rodrigo Amado**

***Searching For Adam***



(Not Two Records)

A 1 2 3 4 **5** 6

**Charles Lloyd Quartet**

***Mirror***



(ECM/Musikkoperatørene)

A 1 2 3 4 **5** 6

**Nik Bärtsch's Ronin**

***Llyria***



(ECM/Musikkoperatørene)

A 1 2 **3** 4 5 6

Den portugisiske tenor- og barytonsaksofonisten Rodrigo Amado er en stigende europeisk stjerne. Ifjor forelå albumet *The Abstract Truth* der han spilte med Paal Nilssen-Love og Kent Kessler. På *Searching For Adam* omgir han seg også med et knippe spennende og kreative musikere. Taylor Ho Bynum, kornett og flygelhorn, John Hébert, bass og Gerald Cleaver, trommer gir mulighetenes musikk en tydelig stemme. Kvartetten opererer i grenseområdene for frie ytringer og klare melodilinjer, og musikken er både følelsesladet og varm. Blues, bop og avantgarde i en og samme etappe, så og si. Dette er den nye kraftgenerasjonens språk, med grammatikken intakt fra de gamle mestere og betydningsinnhold for vår tid. Rodrigo Amado er en mann å følge.

Ny vår. Den amerikanske tenor- og altsaksofonisten Charles Lloyd hadde et langt og broket liv i jazzen bak seg da han fikk oppleve en ny vår med plass i ECM-stallen fra 1990-tallet. Med Jason Moran på piano og Reuben Rogers og Eric Harland i rytmeseksjonen har Lloyd skaffet seg det perfekte verktøy for åpning mot det betydelige. Morans forstandige og følsomt tilbakeholdne spill understreker mykheten hos Lloyd. Med en blanding av standardstoff, Monk-komposisjoner og folklore, samt en versjon av The Beach Boys "Caroline, No", forfører saksofonisten igjen med tyngde.

Stivt og kjedelig. Pianist Nik Bärtsch's Ronin har snart eksistert i ti år, og jeg sliter fortsatt med å finne kvaliteten i sveitserens gjennomkomponerte materiale. Bärtsch lanserte begrepene "zen funk" og "ritual groove music" for å beskrive musikken sin. Det jeg finner, er en anmasende stivhet. De minimalistiske og repetitive tendensene understreker den rigide karakteren.

ARILD R. ANDERSEN